

Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Alexander Bærøy Nordsveen
Brattbakkin 14
2943 ROGNE

Delegert Sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROGTOR - 26/8675

Arkiv:

35/61, L42

Vår dato:

24.07.2026

Saksnr.	Utval
202/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
179/26	Kommunestyret

35/61 - Tillatelse til tiltak - Oppføring av terrasse

Tiltak: Oppføring av terrasse
Byggjestad: Gbnr: 35/61
Tiltakshavar: Alexander Bærøy Nordsven
Brattbakkin 14
2943 Rogne

Ansvarleg søkjar:

Vedtak

Med heime i plan- og bygningsloven § 20-3, jf. § 20-3 samt kommunalt delegasjonsreglement godkjenner kommunedirektøren v/leiar av næring, plan og byggesak oppføring av terrasse til bustadhus på gnr. 35, bnr. 61, Brattbakkin 14, i samband med søknad og vedlegg.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Alt avfall frå byggearbeidet skal leverast til godkjent mottak. Det er ikkje lov å brenne avfall på eigedomen.
2. Byggearbeidet skal utførast i samsvar med relevante krav i plan- og bygningslova og teknisk forskrift.
3. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.
4. Alexander Bærøy Nordsveen vert registrert som ansvarleg for tiltaket.
5. Privatrettslege tilhøve er ikkje vurdert.

Saksopplysningar

Tiltakshavar sendte inn søknad om tiltak med ansvarsrett, og har søkt om personleg ansvarsrett for tiltaket.

Søknaden syner oppføring av terrasse på eksisterande bustadhus på gnr. 35, bnr. 61, Brattbakkin 14, som ligg i Moane byggefelt.

Eigedomen har arealformål *bustadbygging* og er frå tidlegare bebygd med garasje og bustadhus. Eigedomen er på 1937m² og har digitalt oppmålte grenser.

Søknaden syner ein terrasse som er knytt til husets 1. etasje og vil bli oppsett på stolpar og bjelkelag som blir over underetasjen på nedsida av bustadhuset.

Terrassen vil få eit bebygd areal (BYA) på 62m².

Alexander Bærøy Nordsveen har vedlagt erklæring om personleg ansvarsrett for tiltaket basert på eigen kompetanse.

Det er føreteke DOK-analyse av eigedomen og det er her treff på sone med potensiale for snøskred.

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar.

Vurdering

Tiltaket er i tråd med tiltak med ansvarsrett då det her er vurdert at terrassen sin storleik og høgde stiller krav til utførselen. Tiltakshavar har søkt personleg ansvarsrett basert på eigen kompetanse og er vurdert som kvalifisert til å oppfylle dette.

Eigedomen er styrt av føringane i Arealdelen til Kommuneplan 2026-2028 og i denne står det at byggeområde over 1,67daa kan verte bebygd med inntil 400m² BYA.

Arealregnskapet for eigedomen blir:

Eigedom:	1937m ²
Bustadhus:	95m ²
Garasje:	45m ²
Terrasse (ny):	62m ²


Sum: 202m²

Kravet til biloppstilling (36m²) er ivareteken internt i garasjen.

Rekneskapen syner at utnyttingsgraden etter tiltaket er innafor føringane i plan.

Det er treff på eigedomen med potensiale for snøskred. Det er etter gjennomgang i NVE sine karteneste vist at det med filtrering for sone med skogeffekt ikkje er fare for snøskred som råkar denne eigedomen. Skogområdet ovanfor bustadfeltet er felt som ikkje kan verte avskoga, då dette vil setje heile byggefeltet i fare for snøskred.

Vi vurdere med dette at det ikkje er fare for skred for denne eigedomen, og at tiltaket kan gjennomførast.



Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Datert	Tiltak skl	Journaldato
Alexander Bærøy Nordsveen	SØK Heile tiltaket PRO Ansvar iht. søknad UTF Ansvar iht. søknad	02.07.2026	1	03.07.2026

Teikningsdokumentasjon

Løyyet er basert på teikningar datert 24.06.2026 med journaldato 03.07.2026.

Føresetnader med heimel i lovverket

1. I tilfelle tilsyn eller kontroll, skal dette løyvet alltid vere tilgjengeleg på byggjeplassen.
2. Det blir lagt til grunn at alle relevante funksjoner og ansvarsområde i tiltaket er dekket med nødvendig ansvarsrett jf. pbl §23-3.
3. Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
4. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk før ferdigattest ev. mellombels bruksløyve er gjeve, jf. pbl § 21-10.
5. Bygningen/ tiltaket må ikkje bli tatt i bruk til anna føremål enn det dette løyvet føreset.
6. Det må utførast intern kvalitetssikring slik at tiltaket ikkje strid mot føresegn gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven.
7. Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova.

Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Tore Rogne
Saksbehandler bygg

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.